



## Innkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 23.04.2020  
**Møtested:** Teams-møte - evt. kantina kommunehuset  
**Møtetid:** 13:30 - 14:30

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
033/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
034/20	Godkjenning av møteprotokoll
035/20	Meldingar
035/20.1	Orientering om midlertidig lov med unntak frå kommuneloven, IKS-loven mv.
035/20.2	Frigjørings- og veterandagen 8. mai 2020
035/20.3	Rundskriv – Informasjon om regelverk og anbefalingar - covid-19-utbrudd
036/20	Orienteringssak
037/20	Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19

Austrheim 21. april 2020

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
033/20	Kommunestyret	PS	23.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/356

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/20	Kommunestyret	PS	23.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/356

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 16.04.2020

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/20	Kommunestyret	PS	23.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/356

### Meldingar

### Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
035/20.1	Orientering om midlertidig lov med unntak frå kommuneloven, IKS-loven mv.
035/20.2	Frigjørings- og veterandagen 8. mai 2020
035/20.3	Rundskriv – Informasjon om regelverk og anbefalingar - covid-19-utbrudd

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/20.1	Kommunestyret	RS	23.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FE-000	20/7

**Orientering om midlertidig lov med unntak frå kommuneloven, IKS-loven mv.**

### **Vedlegg**

Oversendingsmail

**Framlegg til vedtak:**

**Saksopplysninger:**

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/20.2	Kommunestyret	RS	23.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FE-000	20/7

### Frigjørings- og veterandagen 8. mai 2020

#### Vedlegg

Oversendingsmail

#### Framlegg til vedtak:

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/20.3	Kommunestyret	RS	23.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FE-000	20/7

**Rundskriv – Informasjon om regelverk og anbefalinger - covid-19-utbrudd**

### **Vedlegg**

Oversendingsmail

**Framlegg til vedtak:**

**Saksopplysninger:**

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/20	Kommunestyret	PS	23.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/356

### Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:



# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
037/20	Kommunestyret	PS	23.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FA-X20	20/93

## Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19

### Vedlegg

Forskrift om stenging av sanitæranlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19».

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

I samband med Covid-19 (korona) er det innført ulike tiltak for å avgrensa smittefaren. Her i Austrheim vart det frå 3. april innført eit forbod mot overnatting i kommunen i campingvogner, bubil og båtar (for dei som ikkje bur i Austrheim). Dette var tilsvarande det nasjonale forbodet mot overnatting på fritidseigedom utan heimkommunen (hytteforbodet), og vart oppheva frå 20. april samstundes med opphevinga av det nasjonale forbodet.

Men sjølv om det no er lov å overnatta i campingvogn, bubil og båt i kommunen, er det framleis enkelte tiltak det er naturleg å vidareføra for å redusera smittepresset. Kommunal kriseleiing (KKL) i Austrheim vedtok måndag 20. april at sjølv om ein opnar campingplassar og bubilparkering, så skal sanitæranlegga ved desse framleis vera stengde.

Dette er tilsvarande tiltak som er gjort andre stader, mellom anna i nabokommunen Alver. Det er rett og slett så utfordrande å etterleva krava til smittevern ved slike anlegg, at det er betre at dei er stengde.

Kommunen har 21. april vore i kontakt med Kilstraumen Brygge AS og med Åvika Bobilparkering i Njøta. Begge stader har dei per no stengt sanitæranlegga, nettopp på grunn av at det krev

omfattande tiltak for å etterleva smittevernkrava, dersom anlegga skal haldast opne.

Det rettslege grunnlaget for forskrifta er heimla i lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern av smittsomme sykdommer, § 4-1 første ledd bokstav b. Forskrifta gjeld fram til tiltaket ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

### **Vurdering**

Smittevernlegens vurdering er at realistiske smittevernrutinar neppe kan ivareta behovet for smittevern, slik situasjonen er per no. Difor er det betre å stenga sanitæranlegga for bruk inntil vidare. Dette er også i tråd med dagens praksis hjå tilbydarane for bubilstopp/camping i kommunen.

Vedtaket om ei lokal forskrift vil vere i tråd med rettleiaren frå Helse og omsorgsdepartementet, datert 29.03.20 «Veileder til kommunene om lokale karantenereregler eller innreiserestriksjoner i forbindelse med utbruddet av Covid-19». Der går det fram at tiltak etter smittevernloven § 4-1 må vere vurdert og begrunna i lys av den konkrete situasjonen i den ein skilde kommune, og at eit kommunalt tiltak kan vera strengare enn nasjonale tiltak.

### **Konklusjon**

Kommunestyret vedtek «Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19».

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.